



James i Uskedalen

Det sit ein brunbarka og omgjengeleg kar på Øyro Marina og nyt frukosten sin. Han har sykkel og telt og fortel at det er fjerde gongen han sykler gjennom det sørlege Noreg.

James Varley frå Preston i Lancashire er ein stor entusiast for landet vårt og ser fram til i kveld då han skal møte ingen ringare en Stein P. Aasheim i Rosendal. Sist traff han sprekingen på Åndalsnes og Stein gjorde eit sterkt inntrykk.

James er ingen vanleg turist. Den 40 år gamle tidlegare lagerarbeidaren har teke ei pause i livet og veit førebels ikkje kva han skal finna på vidare. Men han veit at han byggjar seg opp både fysisk og mentalt gjennom sykkelturane i landet vårt. Hadde han halde fram på lageret kunne det gått gale - mentalt sett.

- Og Gud er med meg, seier han og tek fram ein Bibel og siterar Jesaia for oss. Der står dei ein kan kalla mottoet som er målsettingen i livet. James har vore vikarprest og går i kyrkja kvar sundag. Han er litt skuffa over lite kyrkjebesøk her i landet og kan tenkje seg ein eller annan kyrkjefunksjon på heimleg grunn.

James er glad i Noreg på grunn av naturen og gjestfriheten. Han er imponert over Vestlandet som han meiner saknar sidestykkje i verda og han har vore invitert inn til folk to gongar - i Viksdalen og på Vossestrand.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Han er på sykkeltur nummer 4 her i landet